

Ein meistar i orgelspel

Måndag i neste veke, 5. juli, vert det sommarkonsert i Jondal kyrkje. Tim Rishton gjev ein orgelkonsert med ulike klassiske former som pavane, allemande, galliard, menuett og passacaglia.

Rishton har mellom anna studert ved universitetat i Wales, Manchester og Reading. I Reading vann han alle 1. prisane i orgelspel. Seinare vart han tilsett som lektor i orgelspel og kyrkjemusikk, og som domkantor der.

Han har gjeve konsertar i mange land, og han har gjeve førelesingar og Master Classes ved mange universitet og musikkhøgskular. Han opptrer også med jamne mellomrom i radio og på fjernsyn i fleire land, mellom anna NRK i No-



reg og BBC i Storbritannia. Rishton har spela inn to solo-plater og òg ein del plater saman med andre artistar. No er Rishton busett i Måndalen i Romsdal og verkar som organist der.

På konserten i Jondal let han oss få høyra verk av J. Parry, J.S. Bach, M. Camidge, L. Böellmann og M. Jacques.

*Hordaland Folkeblad
29/6/93*